

John Ingvald Myklebust  
Golvsengane 52  
6770 Nordfjordeid

Storingsrepresentant Bjørn Lødemel m.fl.  
STORTINGET

Moment for å få endra 10% fråværsregel

Per idag er det ulike reglar for fråvær. Fråvær frå undervisning er i alle tilfelle fråvær, dvs. ikkje deltatt på undervisning.

Når det kjem til trafikkopplæring er det i grunnskulen lagt opp til valfag trafikalt grunnkurs på ungdomsskuletrinnet. Dette er grunngeve med kompetansemål i Læreplanar for 8. til 9. klasse. Det er difor naturleg at denne kompetansen kan vidareførast i den vidaregåande opplæringa, i det 13-årige opplæringsløpet. Det blir gjort ved trafikkopplæringa godkjente trafikkskular gjer desse elevane vidare.

Førarkort er ein kompetanse som er nødvendig i svært mange yrke. Fleire av emna i føraropplæringa er ein del av kompetansemåla som du finn i vidaregåande opplæring.

Eks: Realfag, miljø, samfunnsfag, psykologi, juss og livsynsfaga.

All fråvær til trafikkopplæring kan dokumenterast av trafikkskulen ( opplæring – kompetanse og ikkje skulk)

Førarkortopplæring kan hjelpe elevar som har utfordringa i andre fag til mestring og difor førbygge at ein droppar ut av vgs. Det kan gje teoretisk svake elevar ein mestringsfølelse som dei tar med seg vidare.

Elevar på yrkesfag må ha førarkort for å få fullført vgs. Dette gjeld innan landbruksfag, TIP, samferdsel, osv.

Skal ein ha ulike fråværsreglar innan vgs? Det er mange yrke som krev førarkort. Eks. Helsefag, osv.

Elevar som bur heime og er avhengig av busstransport til skulen, vil i dei fleste tilfelle, med den nye fråværs grensa, ikkje kunne ta opplæring, verken før eller etter skulen. Dette på grunn av at den einaste off. kommunikasjonen er skulebussen. Dette blir difor ei form for sniksentralisering. Elevar som bur sentralt og nær trafikkstasjonane vil ha store fordeler med hensyn til fråvær.

Opplæring etter ein lang skuledag, er svært uheldig og lite ideelt. Det vil føre til elevar som er mindre mottakelege for læring, som igjen vil føre til dårligare kunnskapar og ferdigheter. Sett i frå eit trafikkikkerhetssyn er det lite heldig.

Manglande trafikkgrunnlag på kveldstid vil gjere det vanskelig for elevane å kunne nå måla i læreplanen som Vegdirektoratet har gjeve trafikkskulane i oppgave å følge.

Dette kan føre til auke i ungdomsulukker og strir med 0-visjonen som statlige myndigheter har lagt opp til og som dei brukar store ressurser på.

Håpar med utgangspunkt i desse momenta at det vil være mulig å sjå på kva ringverknadane blir av den nye fråværsgrrensa, og at det er rom for å sjå på saka frå fleire sider.

Nordfjordeid, 18.august 2016

John Ingvald Myklebust